

Årsmelding 2017 - Vang frivilligsentral



Innleiing

Sentralen held ope måndag, tysdag og onsdag frå 11:00 til 15:00 på Vangstunet. Marte Tangen er tilsett som dagleg leiar i 100% stilling.

Vang frivilligsentral har følgjande handlingsplan:

Hovudmål: Vere ein katalysator for frivillig verksemd i Vang

Visjon: Møte mellom menneske

Delmål 1: Vere ein sosial møteplass på tvers av generasjonar og kultur

Delmål 2: Vere ein støttespelar for frivillige lag og eksisterande aktivitetar i kommunen

Delmål 3: Auke det eksisterande tilbodet der det er behov

Delmål 4: Vere ein synleg og påliteleg aktør for heile bygda

Kontakt

61 36 94 25 - 46 81 64 73

www.vang.frivilligsentral.no

frivilligsentralen@vang.kommune.no

www.facebook.com/vangfrivilligsentral

Styre 2017

Erik Martinsen Dalåker (styreleiar)

Leif Hjalmar Søndrol

Hadgu Gebreluul (vara)

Ragni Almenning Havro

Abdela Ibrahim

Kari Hagaseth (vara)

Hallgrim Rogn

Laila Otervik (vara)

Styrearbeid og årsmøte

Hovedutval for levekår er årsmøte og øvste organ for sentralen. Årsmøte 2017 vart halde 15. februar. Styret har hatt 4 styremøter, samt bidrege på julegåvedugnad og enkelte arrangement.

Frivillige

Vi har mange registrerte frivillige, og stor utskifting i frivilligruppa grunna hyppigare til- og fråflytting på mottakssenteret. 63 frivillige har vore i aktivitet, og utført til saman om lag 835 timar med arbeid for sentralen i løpet av 2017.

Av dei som har bidrege frivillige i 2017 er om lag 40 % kvinner og 60 % menn. Om lag 30 % er bebuarar på mottakssenteret. Berre 15 % av dei som har jobba frivillig er i pensjonistalder - vi meiner det framleis er eit stort potensiale for å rekruttere fleire frivillige pensjonistar.

Tilbod

Vi tilbyr ulike tenester der frivillige bidreg. Hjelpetenester er enkeltoppdrag, medan dei andre tilboda kan vere vedvarande.

Tilbod nytta i 2017:

Hjelpetenester	5	Besøksven	1	Språkven	3
Leksehjelp	4	Studiehjelp	1	Skaffe bruktklede	2
Turven	1	Øvingskøyning	11		

Størst venteliste no er det på leksehjelp. Talet på hjelpeoppdrag har gått ned, dette skyldast både at Vangsriva løyser ein større del av dette behovet, samt av vi har utfordringar med å løyse slike oppdrag ute i grendene. Vi ønskjer oss fleire frivillige som bur i heile kommunen.

Det har vore veldig mykje øvingskøyning i 2017, mykje takka vere ein enkelt frivillig som har lagt ned om lag 200 timar i bilen. 7 frivillige har til saman køyrt 113 turar med 11 elevar.

Økonomi

Som varsla vart statstilskotet som tidlegare har gått direkte til frivilligsentralane, i 2017 overført kommunen som øyremerka midla i rammetilskotet. Beløpet vart auka til 365 000,- Samla driftsrekneskap vart på 783 000,-

Dagleg leiar har som førre år vore nettverksleiar for frivilligsentralane i Vest-Oppland nettverksgruppe. Kompensasjon frå staten for denne funksjonen er borte, men sentralen har fått 4000,- frå nettverksgruppa.

Vi har for første gong søkt og fått sponsormidlar, 6000,- frå lokale bedrifter. Dette gikk til innkjøp av LEGO-klossar.

Regional organisering

Som nettverksleiar har dagleg leiar hatt koordinerande ansvar for fire nettverkssamlingar, samt noko oppfølging av nye daglege leiarar i nettverket. Ho vart i 2017 valt for ny 2 årsperiode.

Prosjekt og samarbeid

Opning av Vangshallen

Heile etaten var engasjert i opninga av Vang fleirbrukshall 18. mars, og dagleg leiar i frivilligsentralen var aktiv i arrangementskomiteen og konferansier på opningsarrangementet.

FriBib

Utviklinga av biblioteket og frivilligsentralen som sosial møteplass held fram, og prosjektperioden er forlenga inn i 2018. Arbeidet i 2017 har i hovudsak gått ut på planlegging av interiør samt utvikling av arbeidskrok og lagerplass som gjer gjennomføring av arrangement osv. enklare.

Sommarfritidsklubb

Mange born deltok på årets sommarfritidsklubb, som vart arrangert fire timar, fire dagar i veka i fire veker. Dei var mest utandørs, og det var tydeleg at dette tilbodet dekkar eit viktig behov.

Vinjerock

Vi har bygd vidare på samarbeidet med Vinjerock gjennom 'mangfaldsprosjektet', med fokus på rekruttering av lokal ungdom, inkludering av funksjonshemma og integrering av flyktningar. 8 flyktningar og 8 ungdommar jobba frivillig på festivalen i 2017.

#VÅRTNABOLAG

I samarbeid med Oslo World, Vinjerock, mottaket, læringscenteret, Innovangsjon og biblioteket arrangerte vi eindagsfestivalen #VÅRTNABOLAG på mottaket 2. september. Både nasjonale og lokale artistar bidrog til å gjere det til ein folkefest, slik som året før.

Fotballturnering

Fotballturneringa har blitt ein godt etablert tradisjon, i samarbeid med mottaket, FK Vang og Innovangsjon. 8 lag deltok på Tveit 23. september, og mange publikummarar, ordføraren som speaker og gratis pølser til alle gjorde dette til nok ein festdag.

Datakurs

I samarbeid med Vang læringscenter arrangerte vi 6 økter med grunnleggjande datakurs på Lund. Læringscenteret lønna kurshaldaren, og 15 pensjonistar og busette flyktningar deltok.

Aktivitetsvenn

Tilbodet *Aktivitetsvenn* er etablert i over 190 kommunar, og i november signerte også Vang ei samarbeidsavtale med Nasjonalforeningen for folkehelse. Målet er å bidra til at personar med demens kan oppleve ein meningsfull kvardag med gode opplevingar. I april 2018 blir det kurs for alle som vurderer å bli aktivitetsvenn i Vang.

Integrasjonsforum

Integrasjonsforumet hadde i 2017 berre eit møte. Frivilligsentralen tok på seg å få i gang lekseklubb på Lund, dette har til no ikkje blitt fulgt opp men vi prøver å få det til i 2018.

Julegåvedugnad

Innsamling av julegaver til ungane på mottaket og introduksjonscenteret har også blitt ein tradisjon, og vi opplever stor givarglede i befolkninga og stor takksemt bland mottakarane.

Februar	<i>Utstilling om Margit Sandemo</i>	
Sundag 05/02 kl 19:30	<i>Den klassiske gitarens dag</i> Konsert med Oddbjørn Skeie, Bjørg Berge, Kristina Heensåsen, Ingebjørg Vik Laugaland, Eivind Dølerud og Kristina Gyllensvård	75
Laurdag 11/02 kl 14	<i>Blådansen - teaterkåseri om Vidar Sandbeck</i> Av og med John Nyutstumo, i regi av Teater Innlandet	30
Tysdag 21/02 kl 12	<i>Morsmålsdagen 2017</i> Mat, musikk, rim og regler - og trommekonsert med Zwai Mbula	90
Torsdag 09/03 kl 19	<i>60 damer du skulle ha møtt</i> Kule kvinnfolk i historien, akkompagnert av Thea & The Wild	40
Torsdag 16/03 kl 19	<i>Ysting i Valdres</i> Helge Gudheim presenterer boka si på historielaget sitt årsmøte	15
Laurdag 25/03 kl 14	<i>Opning av skulpturutstilling</i> Bilethoggar: Hanne Herman	70
Torsdag 20/04 kl 19	<i>Det grønne skiftet i Valdres - eksempel og moglegeheiter</i> Temakveld i regi av Vinjerock og Miljøstiftelsen ZERO	40
Onsdag 26/04 kl 19	<i>Ro deg ned. Nordkapp - Lindesnes i en 100 år gammel robåt</i> Friluftsforedrag med Rolf-Erik Poppe, i samarbeid med Vang turlag	50
Onsdag 03/05 kl 19	<i>Konsert med Frida Annevik</i>	70
Onsdag 24/05 kl 13	<i>Kvardag i barnehagen</i> Opning av biletutstilling frå barnehagane i Vang	50
Laurdag 24/06 kl 14	<i>Til slutt blir vi alle barn</i> Opning av fotografiutstilling av Ivar Hagerup	70

FASTE AKTIVITETAR

Tysdagar kl 19 - 22	Clubnight - ope hus	
Tysdagar kl 19	Oddetalsveker: Fotoklubb Partalsveker frå mars: Teikneklubb	
Laurdagar	Norsktime med Elisabeth Sparstad	100
Fredagar kl 13	Samtalegruppe med utgangspunkt i avisa 'Klar Tale'	
Datoar kjem	Lesesirkel	25

Til saman deltok om lag 725 på vårens arrangement.



Den klassiske gitarens dag



Blådansen



Morsmålsdagen



Det grønne skiftet i Valdres



Frida Ånnevik



Datakurs

Haustprogrammet i samarbeid med biblioteket

Besøk

O n s d a g 6/9 kl 19	<i>Blomedekor</i> Kurs med Line Marie Wangensteen (NB påmelding)	avlyst
O n s d a g 13/9 kl 19	<i>Opning av utstilling: Grendeliv</i> Åsvang i fokus - masteroppgåve om kortreiste byggematerialar og grendeutvikling. Presentert av Ina Samdal og Kristian Bjørnland	20
O n s d a g 27/9 kl 19	<i>Bokbad</i> Jostein Gaarder blir bokbada av Kirsti Baggethun	45
M å n d a g 2/10 kl 13	<i>Drakeverkstad</i> Lær å lage afghanske drakar saman med gutane på Gullringen	25
O n s d a g 11/10 kl 19	<i>Lyrikk og musikk</i> Poetisk aften i samarbeid med Vang mållag	40
L a u r d a g 28/10 kl 13	<i>Haustutstillinga 2017</i> Opning av utstilling. Kunstnar: Solveig Ane Øksendal	35
O n s d a g 1/11 kl 19	<i>50 år med okkupasjon</i> Torkjell Haugen deler erfaringar som ledsager på Vestbredden/Palestina	25
O n s d a g 15/11 kl 18	<i>Legoverkstad</i> Byggebonanza for leikne folk i alle aldrar	60
O n s d a g 22/11 kl 19	<i>Sumaren med Gro - kva no?</i> Leif Jan Hammerstad kåserer om EU-kua og professor i politisk økonomi Ole Gunnar Austvik presenterer dagen situasjon - i Norge og Europa	25
O n s d a g 6/12 kl 19	<i>Bokkveld med utdeling av positivprisen</i>	50
T o r s d a g 14/12 kl 17	<i>Fleirkulturell førjulsfest</i> Mat, musikk og dans	120

FASTE AKTIVITETAR

Tysdagar kl 19 - 22	Clubnight - ope hus	
Fredagar kl 13	Alias - språktrening med spel	
Datoar kjem	Lesesirkel	25

Til saman deltok om lag 460 på haustens arrangement.

For 2017 gir det til saman om lag 1185 besøkande på arrangementa.



#VÅRTNABOLAG



Fotballturnering



Drakeverkstad



LEGO-verkstad



Fleirkulturell førjulsfest



Julegåvedugnad

Takk til alle frivillige som stiller opp, utan dykk er vi ingen ting!

